

Tysnes kommune

► Barnehage- og skulebruksplan 2021-2035

Langsiktig og heilskapleg

Oppdragsnr.: 52100609 Dokumentnr.: 1 Versjon: Revisjon Dato: 2021-05-26



Oppdragsgjevar: Tysnes kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: Aud Kaldefoss
Rådsgjevar Norconsult AS, avdeling for Skole- og barnehageplanlegging
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg: Terje Gregersen
Andre nøkkelpersonar: Dan Lysne, Reidunn Waag

Revisjon	2021-05-26	Planframlegg	TEGRE / REIWAA	TEGRE	REIWAA
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

1	Mål med planen	5
2	Førskule- og elevtalsprognosar	6
2.1	Prognoseføresetnader	6
2.1.1	<i>Generelt</i>	6
2.1.2	<i>Bustadbyggjeprogram</i>	6
2.2	Heile folkesetnaden 2020-2035	7
2.3	Førskuleprognosar 1-5 år	8
2.3.1	<i>Heile kommunen</i>	8
2.3.2	<i>Onarheim krins</i>	9
2.3.3	<i>Uggdal/Tysnes krins</i>	10
2.4	Barnehagetilbod i Tysnes	14
2.4.1	<i>Samla behov for barnehagekapasitet i kommunen</i>	15
2.4.2	<i>Kapasitet og dekningsgrad i Onarheim skulekrins</i>	16
2.4.3	<i>Kapasitet og dekningsgrad i Uggdal/Tysnes skulekrins</i>	17
2.5	Elevtalsprognose	21
2.5.1	<i>Heile kommunen</i>	21
2.5.2	<i>Uggdal skule 1-4</i>	22
2.5.3	<i>Tysnes skule 5-10</i>	23
2.5.4	<i>Onarheim skule</i>	24
3	Barnehage- og skuleskildringar med kapasitetsvurdering	25
3.1	Barnehagane	25
3.1.1	<i>Rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar</i>	25
3.1.2	<i>Hensikt, føremål og metode</i>	26
3.1.3	<i>Om barnehagevurderingane</i>	26
3.2	Onarheim barnehage (nybygg)	27
3.3	Lunde Barnehage	28
3.4	Stjernereiso barnehage	29
3.5	Vågsmarka barnehage	31
3.6	Grunnskulane	32
3.6.1	<i>Grunnlag for areal- og kapasitetsvurdering</i>	32
3.6.2	<i>Arealnorm for skular</i>	32
3.6.3	<i>Metodar for areal- og kapasitetsvurdering</i>	33
3.6.4	<i>Skulens uteområde</i>	35
3.6.5	<i>Dagens organisering av grunnskulen</i>	36
3.6.6	<i>Skuleskyss og avstandar</i>	36
3.7	Onarheim skule 1-7	38

3.7.1	<i>Kapasitetsvurdering</i>	40
3.8	Uggdal skule 1-4	41
3.8.1	<i>Kapasitetsvurdering</i>	43
3.9	Tysnes skule 5-10	44
3.9.1	<i>Kapasitetsvurdering</i>	46
4	Strategiar og tiltaksutforming	47
4.1	Store endringar i skule- og barnehagestrukturen i førre plan – behov for endringar no?	47
4.1.1	<i>Kommunale tilbod i grendene</i>	47
4.1.2	<i>Tysnes kommune – atypiske i høve folketalsvekst og utvikling</i>	47
4.1.3	<i>Nytt fastlandssamband Ny E39 – langsiktige spanande tider for kommunen</i>	48
4.2	Føresetnader	48
4.2.1	<i>Kommentar om Stjernereiso barnehage</i>	49
4.3	Alternativ A – vidareføring av dagens situasjon	50
4.3.1	<i>Strukturelle konsekvensar</i>	50
4.3.2	<i>Bygningsmessige konsekvensar</i>	50
4.3.3	<i>Investeringsmessige konsekvensar inkl. vedtekne utbyggingstiltak</i>	51
4.4	Alternativ B – Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal 1-4.	52
4.4.1	<i>Strukturelle konsekvensar</i>	52
4.4.2	<i>Bygningsmessige konsekvensar</i>	53
4.4.3	<i>Investeringsmessige konsekvensar</i>	54
4.5	Alternativ C – Ein felles skule for heile kommunen – Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal skule og Onarheim skule	55
4.5.1	<i>Strukturelle konsekvensar</i>	55
4.5.2	<i>Bygningsmessige konsekvensar</i>	56
4.5.3	<i>Investeringsmessige konsekvensar</i>	57

1 Mål med planen

Målsetjinga med planarbeidet er:

- å sikra best mogeleg kvalitet i skule og barnehage og sikra ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over
- å koma fram til ein skule- og barnehagestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i vedteken kommuneplan
- å sikra at skulane og barnehagane i Tysnes er tilpassa ein skule- og barnehagedrift i tråd med gjeldande sentrale og lokale retningsliner og planar
- å sikra eit godt arbeidsmiljø for tilsette og barn/elevar
- å gje råd om fysiske og pedagogiske planrammer ved å leggje til rette for framtidens skule og barnehage
- å prioritera og tidfesta tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer
- å få eit langsiktig og heilskapleg grunnlag for utbygging av barnehage- og skulekapasiteten i kommunen

2 Førskule- og elevtalsprognosar

2.1 Prognoseføresetnader

2.1.1 Generelt

Folketalsprognosen til Norconsult er bygt på slike føresetnader:

- Samansetninga av folketalet pr. 01. januar 2020 på grunnkrinsnivå (tal frå SSB) fordelt på gjeldande skuleområde.
- Faktisk elevtal ved skulane i skuleåret 2020/21 (kjelde: GSI/Tysnes kommune)
- Fruchtbarheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra
- Flytting: Aldersfordelt flyttemønster inn i, ut av og internt i kommunen i åra 2015-2019, er lagt til grunn for aldersfordelt flytting i åra framover.
- Bustadbygging: Sjå under.

2.1.2 Bustadbyggjeprogram

	Ferdigstilte bustadar					Snitt 2016-2020	Byggjeprogram																			Totalt 2021-2036
	2016	2017	2018	2019	2020		2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036				
Barneskoleområde																										
Uggdal	18	22	16	7	19	16,4	22	16	16	16	16	16	17	17	20	20	20	20	20	20	20	20	20	296		
Uggdal	4	13	4	1	5	5,4	4	5	5	5	5	5	6	6	8	8	8	8	8	8	8	8	8	105		
Våge	13	8	12	5	7	9	16	9	9	9	9	9	9	9	10	10	10	10	10	10	10	10	10	159		
Lunde	1	1	0	1	7	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	32		
Onarheim	7	1	24	5	5	8,4	3	9	9	9	9	9	8	8	5	5	5	5	5	5	5	5	5	104		
Sum pr. år	25	23	40	12	24	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	400		


Prognoseperioden går over 16 år og det er lagt til grunn 25 nye bustadar pr år i gjennomsnitt for prognosen til Norconsult. Samla utgjer dette 400 nye bustadar i løpet av perioden.

Det er i skulekrinsen til Uggdal/Tysnes som får den største utbygginga, nærare bestemt områda rundt Våge og Uggdal. Her vert 66 prosent av bustadpotensialet realisert.

Samstundes er det lagt til grunn eit optimistisk utbyggingsprogram i Onarheim skulekrins - med 104 nye bustadar i same periode. Her er det lagt inn ein vekst over det gjennomsnittet av ferdigstilte bustadar som vart bygt i perioden 2016-2020.

2.2 Heile folkesetnaden 2020-2035

Figuren under syner Norconsult-prognosen mot SSB sine to framskrivingsalternativ for middels vekstalternativet (MMMM/hovudalt.) og høg vekst. Norconsult-prognosen ligg noko høgare enn Statistisk Sentralbyrå sitt høgste framskrivingsalternativ. Dette er same trend som i med førre prognose (2011), der også denne Norconsult-prognosen gjev sær gode forventningar om vekst i folketalet i Tysnes.



Rundt 2028/2029 forventar Norconsult at Tysnes vert om lag 3 000 innbyggjarar. I SSB sitt høye alternativ, skjer dette i 2035.


I denne perioden vil ny E39 verte realisert, noko som kan gje auka attraktivitet for Tysnes. Kommunen vil med dette sambandet få ein effektiv tilgang til ein stor regional arbeidsmarknad. Kor stor effekt dette sambandet får konkret for Tysnes er vanskeleg å prolongere, fordi det er mange kommunar som vil dra nytte av denne store ferjefrie vegen. Ny E39 over Tysnes, kan og på sikt gje lokale endringar i folkesetnaden ved at områder nær vegen vert meir attraktive for busetnad og utbygging.

2.3 Førskuleprognosar 1-5 år

2.3.1 Heile kommunen


I perioden 2016-2020 har det vore ei auke i barnetalet på 33 barn.

I perioden 2020 til 2021, er det forventa ei lita auke som minkar igjen fram mot 2024. Vidare framover vil barnetalet halde seg stabilt på mellom 153-163 barn.




2.3.2 Onarheim krins

I Onarheim krins har barnetalet hatt ein svak auke, og det er venta at de vil ligge må om lag same nivå dei komande åra, før det igjen blir ein nedgang.




2.3.3 Uggdal/Tysnes krins

I Uggdal/Tysnes krins ser ein at barnetalet har hatt ei lita auke fram mot 2021. Deretter syner prognosen at barnetalet vil minke noko - og krinsen samla vil halde seg mellom 129 og 140 barn gjennom heile perioden.




2.3.3.1 Lunde opptaksområde

Lunde barnehage har hatt eit aukande barnetal dei siste åra. Prognosen syner at barnetalet vil nå ein topp i 2021 for deretter å minke ganske markant gjennom resten av prognoseperioden.




2.3.3.2 Våge opptaksområde

Vågsmarka barnehage har hatt eit sterkt aukande barnetal dei siste åra, og prognoser syner at dagens tal vil halde seg stabile gjennom prognoseperioden med ei lita auke mot slutten.



2.3.3.3 Uggdal opptaksområde

Uggdal barnehage har hatt eit svakt minkande barnetal frå 2016-2021. Prognosen synar at talet stabiliserer seg litt før det minkar noko mot slutten av perioden.



2.4 Barnehage tilbud i Tysnes

Barnehage tilbudet i Tysnes består av 4 barnehagar, alle kommunale.

Barnehagekapasitet Tysnes	Antal godkjente plassar i dag	Antal planlagde godkjente plassar
Lunde Barnehage	54	72
Onarheim Barnehage	42	72
Stjernereiso Barnehage	96	96
Vågsmarka Barnehage	42	42
Sum kapasitet	234	282

Tysnes kommune har godkjent 234 plassar per i dag. Det er planlagt utbygging av barnehagane slik at antal godkjente plassar i løpet av perioden vil bli 282. I kapasitetsutrekninga er barn under 3 år rekna for 1,33 plass. Godkjent leike- og opphaldsareal gjer tal på plassar (om ikkje anna er vedteke av barnehageeigar).

Tabellen under syner prosentvis del av barn i barnehage jf. landet elles. I Tysnes kommune går 2,5% færre barn i aldersgruppa 1-2 år i barnehage, jamfør landet elles. I aldersgruppa 3-5 år går 1,4 % færre barn jamfør landet elles. I heile aldersgruppa går 1,8 % færre barn i Tysnes i barnehage jamfør resten av landet.

Nøkkeltal	Eining	Tysnes 2020	Landet u/ Oslo 2020
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til personer 1-2 år (prosent)	%	82,1	84,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til personer 3-5 år (prosent)	%	95,9	97,3
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til personer 1-5 år (prosent)	%	90,6	92,4

Tabell 1


Etterspurnad etter barnehageplassar har vore aukande dei siste åra, og sjølv om ikkje den reelle dekningsgraden er 100 %, reknar vi i denne kapasitetsvurderinga ein dekningsgrad på 100%. 100% dekningsgrad er når alle som har rett til ein plass tar imot tilbudet om ein plass.

Godkjent kapasitet i Tysnes er for tida 234 plassar.

2.4.1 Samla behov for barnehagekapasitet i kommunen

Tabellen under syner at Tysnes kommune i dag har ein overkapasitet på barnehageplassar. På sikt legg førskuleprognosane opp til ein liten nedgang i førskulebarna. Kombinert med kapasitetsauke i dei kommunale barnehagane, vert denne overkapasiteten større innover i prognoseperioden.

Inneverande år – 2021 – er det godt samsvar og god balanse mellom behov og barnehageplassar.




2.4.2 Kapasitet og dekningsgrad i Onarheim skulekrins

I Onarheim krins vil det vera ein overkapasitet på om lag 10 plassar fram til 2021, etter dette vil overkapasiteten auke til mellom 40 og 50 plassar dersom planlagd dimensjonering av ny barnehage blir realisert.

Det er lagt til grunn ei stor bustadutbygging i prognoseføresetnadane for Onarheim krins – og sjølv med dette potensialet er det forventa ei stabil førskuleutvikling i krinsen med 30-35 barnehageplassar (små barn er omrekna til store)


Ny barnehage i krinsen er dimensjonert for 72 plassar. Det er grunnlag for å redusere denne utbygginga, slik prognosen slår ut for Onarheim. Alternativt kan kommunen vurdere å realisere nye Onarheim barnehage i to byggjesteg - men kor heile barnehagen er planlagt og teikna ut og dimensjonert for 72 plassar.

Fyrste byggjesteg vert noko mindre, men kor fellesareal og personalareala er dimensjonert for 72 plassar. I byggjesteg II, kan det byggjast på fleire avdelingar om framtida syner at det er trong for det.




2.4.3 Kapasitet og dekningsgrad i Uggdal/Tysnes skulekrins

I Uggdal/Tysnes krins vil det vera ein mindre overkapasitet på omlag 20 plassar fram til 2021, etter dette vil overkapasiteten auke innover prognoseperioden. Inneverande år 2021 er det god balanse mellom behov og etablerte plassar samla i krinsen.



Dette er likevel ikkje heile kapasitetsbiletet. I Uggdal/Tysnes krins er det tre barnehagar med geografiske opptaksområde som har svært ulikt barnetal som grunnlag. Dette vil vi sjå nærare på i kapittelet om barnehageskildringar og kapasitetsanalyse.


2.4.3.1 Lunde opptaksområde



Ved å sjå på opptaksområda til barnehagane i Uggdal/Tysnes krins kvar for seg, ser vi at prognosen syner ein overkapasitet i Lunde barnehage gjennom heile perioden.

Overkapasiteten vil auke når barnehagen får ein ekstra avdeling samstundes som barnetalet minkar. Denne kapasiteten vert nytta av barn i Våge-området. Barnehagen i Lunde har gode og varierte løysingar og kvalitetar i bygget.


2.4.3.2 Våge opptaksområde



I opptaksområdet til Vågsmarka barnehage er det underkapasitet på barnehageplassar per i dag. Dette løysast ved at førskulebarn får barnehageplass i Lunde og Ugddal der det er ledig kapasitet.


Underkapasiteten vil gradvis auke gjennom heile prognoseperioden.

2.4.3.3 Uggdal opptaksområde



2.5 Elevtalsprognose


2.5.1 Heile kommunen



Elevtalsprognosen til Norconsult syner relativt stabil elevtalsutvikling gjennom heile perioden. Frå skuleåret 2023/24 forventar prognosen ei elevtalsauke - frå 321 elevar inneverande skuleår 2020/21 til 358 elevar. Dette talet vil også auke marginalt gjennom perioden, men tala vil ikkje overstige 365 elevar totalt i Tysnes-skulen.

Elevtalsauka vert ulikt fordelt i skulekrinsane. Det er i samband med prognoseutarbeidinga laga folketalsprognose for alle funksjonelle aldersgrupper i kvar skulekrins.

2.5.2 Uggdal skule 1-4




Ved Uggdal skule forventar prognosen ein relativ stabil elevtalsutvikling, med ei lita auke midt i perioden. Skulen får eit elevtalsgrunnlag som ligg mellom 108-129 elevar.

Prognosen legg til grunn delvis jamne årssteg på barnesteget – og dei vil ligge rundt 30 elevar årleg. Skulen kan få einskilte år med grupper opp mot 40 elevar.

Skulen vil truleg få mykje deling og dette kan gje små klassar – om ein legg til grunn skuledrift som ein to-parallell barneskule.

2.5.3 Tysnes skule 5-10



For Tysnes skule forventar prognosen ei auking i elevtalet gjennom perioden. Skulen vil få ein skilde år med små grupper på nokre årssteg, slik at elevtalet desse åra vil være noko lågare. Mot slutten av perioden vil elevtalet være ganske stabilt kring 200 elevar.


Skulen får eit elevtalsgrunnlag som ligg mellom 177-206 elevar.

Prognosen legg til grunn delvis ujamne årssteg på barnesteget – dei vil variere mellom 24-39 elevar årleg.

Ungdomssteget vil ha klassestorleikar under 50 elevar. På lang sikt legg prognosen opp til årssteg mellom 35-40 elevar på ungdomssteget. Dette gjev grunnlag for små pedagogiske grupper som ein to-parallell skule.

Barnesteget vil truleg få mykje deling og dette kan gje små klassar – om ein legg til grunn skuledrift i ein to-parallell kombinert barne- og ungdomsskule.

2.5.4 Onarheim skule



Onarheim skule er inne i nokre år med elevtalsvekst på kort sikt. Elevtalstoppen kjem i skuleåret 2026/27 med 49 elevar. Etter dette forventar ein at elevtalet vert gradvis redusert – og stabiliserer seg rundt 36-40 elevar på lang sikt.

Skulen har eit elevtalsgrunnlag som gjev grunnlag for skuledrift i ein få-delt skule, slik som i dag.

3 Barnehage- og skuleskildringar med kapasitetsvurdering

3.1 Barnehagane

Barnehagen skal jf. Rammeplanen ta vare på barndommens eigenverdi. Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leika og utfolda skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barn. Barnehagen skal vera ein kulturarena der barna er medskaparar av eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede.

Det fysiske miljøet til barnehagen skal vera trygt og utfordrande og gi barna allsidige bevegelseserfaringar. Personalet skal utforma det fysiske miljøet slik at alle barn for moglegheit til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leikar og materiell er tilgjengeleg for barna.


For at barn skal vera inkludert i barnehagen, må alle ha lik tilgang til bygningar og uteområde. For nokre barn er det viktig med ekstra tilrettelegging, men med universell utforming oppnår vi inkludering og auka kvalitet for alle. Universell utforming i barnehage kan handle om fleire forhold: bygningsmasse og uteområde, men også pedagogikk, digitale verktøy og læringsressursar. Når vi snakkar om universell utforming her, handlar det om barnehagebygg- og uteområde. Bygga må derfor ha ei slik utforming at dei møter behovet til barnegrupper, enkeltbarn, foreldre og personalet.

3.1.1 Rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar

Barnehagen skal gi barn moglegheit for leik, livsutfolding og meningsfulle opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgivingar. Det fysiske barnehagemiljøet skal vera i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheter til kvar tid tilrår. Som lokal barnehagestyresmakt har kommunen ansvaret for å godkjenne, og føra tilsyn med dei private og kommunale barnehagane i kommunen sin. I vurderinga skal både barnehagelova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular leggst til grunn. Alle barnehagar skal vera godkjent før dei kan opna.

Kommunen skal alltid vurdera om krava til universell utforming er oppfylt når dei godkjenner barnehagar. Kommunen skal samtykka til planar for nye skular og barnehagar som skal byggast. Universell utforming er eit av forholda som inngår i godkjeningsvurderinga. Barnehageeigar har ansvaret for at barnehagebygga overheld krava i barnehagelova § 7, som seier at barnehageeigar skal driva verksemda i samsvar med gjeldande lover og reglar. Gjennom plan- og bygningslova er kommunane pålagt å ha føringar om universell utforming i det kommunale plansystemet. Mange av kommunane har innarbeidd kravet til universell utforming som ein del av kommuneplanens arealdel, i samfunnsdelen eller begge.

For både offentlege og private barnehagar og skular vil sjølve ansvaret for bygga og for drifta ofte vera lagt til ulike einingar i kommunen. Det er derfor viktig at desse einingane avklarar roller og ansvar seg imellom. Korleis kommunane og fylkeskommunane samkøyrer krava i ulike regelverk på tvers av rettsområde, er opp



til kvar kommune/fylkeskommune å avgjera. Dei aktuelle einingane er sjølv ansvarlege for å handheva eige regelverk.

Barnehagane er ein ressurs i lokalsamfunnet og skal bidra til å utvikla bevisste samfunnsborgarar, motverka fordommar og diskriminering og framme likeverd. For at dei fysiske rammene skal verka stimulerande på læringsmiljøet, må det vera samanheng mellom bygget og det pedagogiske virket til barnehagen. Korleis barnehagen organiserer barnegruppene er eit moment som må takast med i planlegginga av nye barnehagar, og innspel frå brukarane er derfor viktig.

Kunnskapsdepartementet (KD) har angitt rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar. Innandørs leike- og opphaldsareal skal vera minimum 4 m² netto for barn over 3 år, og om lag 1/3 meir per barn under 3 år (5,3 m²). Utandørs leike- og opphaldsareal skal vera ca. 6 gonger større.

Ved utrekning av talet på plassar i barnehage utgjer godkjent leike- og opphaldsareal (LOA) delt på 4 m² talet på barneiningar for barn over 3 år. For barn under 3 år er ei barneining 1,3.

Alder	Barnehageplass	m ²	Barneining
Under 3 år	1	5,3	1,33
Over 3 år	1	4	1

3.1.2 Hensikt, føremål og metode

Areala i barnehagen og det tilgjengelege leike- og opphaldsareal (LOA) kan variera mykje frå barnehage til barnehage. Det er godkjent leike- og opphaldsareal som avgjer kor mange barn barnehagen kan dimensjonerast for. Kapasiteten gir òg grunnlag for tilskotet til den enkelte eininga.

I arealvurderinga deler vi nettoarealet til barnehagen inn i tre kategoriar.

- leike- og opphaldsareal
- støtteareal
- personalareal

I tillegg kjem trafikkareal og tekniske rom. Større barnehagar kan i større grad sambruka funksjonar, og effektivisere trafikkareal, personalfunksjonar og støttefunksjonar. Erfaring frå vurdering av barnehagebygg rundt i landet, synar at eldre bygg ofte ikkje har dei funksjonane dei treng i personalavdeling. Trafikkareal og område med fast innreiing, og område utan dagslys og utsyn er godkjente som leike- og opphaldsareal. Det manglar også tekniske rom og areal i viktige funksjonar som lager og reinhald. Dette er med i vurderinga av eksisterande bygg i Tysnes.

3.1.3 Om barnehagevurderingane

I barnehageskildringane seier planen noko om:

- Areal
- Nøkkeltal
- Leike- og opphaldsareal
- Garderobe/toalett
- Administrasjon / personale

- Andre areal
- Uteområdet /tilkomme og nærmiljø
- Kapasitetsvurdering på bakgrunn av godkjent leike og opphaldsareal
- Oppsummering

Vurderinga er basert i korleis bygga fungerer etter formålet i barnehagelov og rammeplan.
Bygningsmessige vurderingar baserer seg på visuelle observasjonar, areallister og teikningar.


For å få et reelt bilde må vi gjere ein vurdering av antal godkjende plassar opp mot barnetalsprognoser.

3.2 Onarheim barnehage (nybygg)

Onarheim barnehage ligg i same bygg som Onarheim skule midt i sentrum av Onarheim. Barnehagen har i dag to avdelingar med omlag 42 plassar. Dei har gode områder rundt for tur og leik.

Ny barnehage med 72 plassar er planlagt utbygd på nabotomta til Onarheim skule. Prognosen kan indikere at den nye barnehagen er overdimensjonert og vil ha overkapasitet på om lag 40-50 plassar mot slutten av prognoseperioden, men stor utbygging i Onarheim og framtidig nytt fastlandssamband til Tysnes, kan indikere at nytt barnehagebygg vert planlagd med ein «bufferkapasitet».

3.3 Lunde Barnehage



Lunde barnehage ligg i Lunde sentrum i dei gamle bygga til tidlegare Lunde skule. Barnehagen har mykje areal og har eit fint og variert uteareal og gode høve for friluftsliv og turar i nærmiljøet.


Lunde barnehage er under ombygging frå to til tre avdelingar. Barnehagen er godkjent for 54 plassar i dag, men vil bli godkjent for 72 plassar når ombygginga er ferdig.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
LOA	Barnehagen har i dag to avdelingar, Nordavind og Sønnavind. Kvar avdeling består av to baserom med kjøkkenkrok i det eine baserommet på kvar avdeling. Barnehagen har i tillegg eit aktivitetsrom Storestova og ein gymsal tilgjengeleg. Desse areala vil gå til ny avdeling når ombygginga er ferdig. Begge avdelingane har tilgang til toalett
Støtteareal	Avdelingane har tilgang til kvar sin grovgarderobe og kvar sin fingarderobe. Det er utvendig lagerrom og vognrom inne i tilknytning til avdeling Sønnavind. Stellerom er òg i denne delen. Barnehagen har òg ein ekstra etasje som kan brukast som aktivitetsrom. 2.etg er lite eigna til bruk som fast base for barn grunna ein bratt, smal trapp, og ingen heis
Personalareal	Personalavdelinga har eigen inngang i nærleiken av personalgarderoben. Det er gode administrasjons- og personalareal og barnehagen har dei rom og funksjonar ein treng.
Uteområde	Barnehagen har fine uteområde og trafikk og parkeringshøve rundt barnehagen er tilfredsstillende.

Funksjonelle utfordringar:

- Små garderobeforhold i den eine avdelinga (Nordavind). Det er ikkje god nok garderobeplass til 24 barn her.
- Gjennomgang i basane for å komme til toalett
- Lukka struktur, lite transparens
- Mykje dører inn i basearealet (trafikkareal)
- Kontor og personalrom kryssar skitten sone

3.4 Stjernereiso barnehage



Stjernereiso barnehage er ein 5 avdelingsbarnehage med inntil 96 plassar sentralt i Uggdal . Barnehagen ligg ved sida av Uggdal skule og har eit godt samarbeid med skulen. Barnehagebygget består av fleire brakkar i to etasjar og er har fremstår som eit funksjonelt og eiga barnehagebygg.


Barnehagen har og ei utegruppe som har lavvo og uteområde i gangavstand til barnehagen.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
LOA	Barnehagen har 5 avdelingar fordelt på to etasjar. I 1. etasje er det tre avdelingar, som kvar består av eit baserom med eit tilhøyrande spiserom/leikeareal i tillegg til eit soverom/grupperom. Det er ein kjøkkenkrok i spiserommet. Toalett er tilgjengeleg i nærleiken av basen. Avdelingane har areal for fingardarobe innlemma i leikearealet, men ikkje fullgodt utnytta som leikeareal. I 2. etasje er det to avdelingar som også har kvart sitt baserom i tillegg til spiserom/leikeareal med kjøkkenkrok. Dette avdelingane har ikkje eige grupperom/soverom, men eit tilgjengeleg språkkrom/grupperom i tillegg til bibliotek/sanserom. Begge avdelingane har tilgjengelege toalett, der den eine avdelinga har litt lengre avstand. 2. etasje har litt vanskelegare utforming på areala enn 1. etasje med tanke på LOA.
Støtteareal	Avdelingane har tilgang til kvar sin garderobe. For avdelingane i 2. etasje er garderobesituasjonen litt meir utfordrande enn for avdelingane i 1. etasje. Det er stellerom i kvar etasje. Barnehagen har vognskur og soving skjer utandørs.
Personalareal	Personalavdelinga har eigen garderobe med toalettfasilitetar i 1. etasje. Administrasjons- og personalareal er i 2. etasje. Arealet er lite og det går mykje plass bort til dørar og korridorar. Det er ikkje plass til alle pedagogane på arbeidsrommet samstundes, her må dei dela på plassane. Styrarkontor er litt lite og pauserommet manglar dagslys. Dette er òg litt lite. Personalavdelinga har ein fin terrasse som kan nyttast som pauserom når det er sesong for dette.
Uteområde	Barnehagen har jamt over fine uteområde og deler uteområde med skulen. Det er mykje skog i nærleiken og det kunne vore fleire leikeapparat på uteområdet. Trafikk og parkeringshøve rundt barnehagen er tilfredsstillande.

Funksjonelle utfordringar:

- Upraktiske garderobeforhold i avdelingane i 2. etasje.
- Mykje dører i areala, spesielt i 2. etasje.
- Golvkaldt i den eine avdelinga i 1. etasje (Pluto).
- Litt lite personalrom og styrarkontor.
- Kryssing av skitten sone ved gjennomgang frå garderobane til 2. etasje.

3.5 Vågsmarka barnehage



Vågsmarka barnehage ligg i Vågsmarka boligfelt i Våge. Det er ein to avdelings barnehage med inntil 36 plassar. Barnehagen er svært godt utnytta og har lange ventelister mykje grunna sentral plassering. Barnehagen nyttar naturen og nærområdet rundt barnehagen.

Barnehagens rom og funksjonar	Skildring
LOA	Barnehagen har 2 avdelingar på eitt plan. Kvar avdeling har eit hovudrom/base og tilgang til eit eller fleire leikerom. Hovudromma er store og har godt med dagslys. Begge avdelingane har eit baserom, eit leikerom og eit grupperom/spiserom med ein kjøkkenkrok.
Støtteareal	Barnehagen har nyleg bygd ut ekstra garderobeareal på begge avdelingar, noko som gjer at garderobefasilitetane er gode og inndelt i skitten og rein sone. Stellerom og toalett er tilgjengeleg i tilknytning til garderobane.
Personalareal	Personalavdelinga har eigen inngang. Arealet er lite og det går mykje plass bort til dørar og korridorar. Det er ikkje plass til alle pedagogane på arbeidsrommet samstundes, her må dei dela på plassane. Styrarkontor er litt lite og møterommet må òg nyttast som gruppe/treningsrom. Barnehagen har innreda nytt pauserom mellom avdelingane, dette har nytt kjøkken og er stort, lyst og flott.
Uteområde	Barnehagen har fine uteområde og har ekstra uteområde i skogen. Uteområdet er litt trangt og lite og opplevast undersolt grunna stor utbygging rundt barnehagen. Trafikk og parkeringshøve rundt barnehagen er ikkje tilfredsstillande.

Funksjonelle utfordringar:

- Mykje dører i areala.
- Utfordringar med av- og påstigning.
- Litt for lite lagerplass, ønskeleg med eige skur ute.
- Litt lite arbeidsrom og styrarkontor, treng meir kontorplass.
- Lite og undersolt uteområde.

3.6 Grunnskulane

Skulen skal bygga praksisen sin på verdiane i formålsparagrafen i Opplæringslova. Formålsparagrafen uttrykker verdiar som samlar Noreg som samfunn. Verdiane er grunnlaget for demokratiet vårt og skal hjelpe oss å leva, læra og arbeida saman i ein kompleks samtid og i møte med ei ukjend framtid. Dei felles verdiane bygger på kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei kjem òg til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og dei er forankra i menneskerettane.

Desse verdiane er grunnmuren i skuleverksemda. Dei må gjerast levande og få tyding for kvar enkelt elev i skulefelleskapet gjennom formidling av kunnskap og utvikling av haldningar og kompetanse. Verdiane skal prega skulens og læraranes møte med elevane og med heimane. Elevens beste skal alltid vera eit grunnleggjande omsyn. Det vil alltid vera spenningar mellom ulike interesser og syn. Lærarar må derfor bruka det profesjonelle skjønnet sitt slik at den enkelte blir tatt vare på best mogleg i møte med fellesskapet.

Skulen skal møta elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar som fremmar danning og lærelyst. For å lykkast med dette må skulen bygga eit godt læringsmiljø og tilpassa undervisninga i samarbeid med elevane og heimane. Det krev eit profesjonsfelleskap som engasjerer seg i utviklinga til skulen.

Det som gjeld i barnehagane, gjeld og i skulane; For at elevar skal vera inkludert i skulen, må alle ha lik tilgang til bygningar og uteområde. Elevane har rett til eit fysisk skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Skulane skal planleggast, blir bygde, blir lagde til rette og blir drivne på ein måte som tar omsyn til sikkerheit, helse, trivsel og læring, og fremmar eit godt fysisk skulemiljø. Skulane skal vera universelt utforma, slik at elevar uansett funksjonsnivå skal kunna gå på skulen og ferdast på heile skuleområdet.

Skulebygga må derfor og ha ei slik utforming at dei møter behovet til barnegrupper, enkeltbarn, foreldre og personalet.

3.6.1 Grunnlag for areal- og kapasitetsvurdering

Fysisk skulemiljø og universell utforming er regulert både i opplæringslova for offentlege skular, og i friskolelova for private skular. Opplæringslovas § 8-1 seier at alle elevar i grunnskulen har rett til å gå på sin nærscole. Alle elevar skal kunna nytta skulebygget og skulens uteområde, og enkeltgrupper skal ikkje skiljast ut ved å bruka spesialtilpassa løysingar berre for dei.

Kravet om universell utforming gjeld òg skulens uteområde. Det blir stilt både krav til tilgjengelegheit til uteområda og eit aktivitetstilbod ute, som til dømes tilpassa leikeapparat. Det fysiske skulemiljøet skal vera i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid tilrår.

Kven som blir sett på som fagmyndigheit er avhengig av kva for nokre faglege normer det gjeld. Mellom anna har plan- og bygningslova, arbeidsmiljølova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule tyding for det fysiske miljøet. For miljøretta helsevern i barnehagar og skular er Helsedirektoratet ansvarleg for fortolking og fagleg normering. Det kan òg vera andre, til dømes Statens helsetilsyn og Direktoratet for byggkvalitet.

3.6.2 Arealnorm for skular

Ei arealnrm definerer kva for funksjonar ein skule bør ha, kor store areal det bør være utifrå tal på elevar og tilsette ved skolen, og i kva grad den enkelte skule tilfredsstillar denne arealnorma. Norma angir eit kvalitetsnivå for skulebygg i Tysnes kommune. Arealnorma som ligg til grunn for vurderingane gjort i denne utgreiinga tek utgangspunkt i arealnorma i førre plan. Den bør nyttast som mal for nybygg av skular, med dei tilpassingar som er naudsynt for å ivareta lokale behov. Malen bør også nyttast når skular skal rehabiliterast for å nå det kvalitetsnivået som er sett.

3.6.2.1 Føringar for areal i skuleanlegg

Det ligg ikkje føre egne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det f.eks. gjer for barnehagebygg. I IS-2073 Miljø og helse i skolen – Rettleiar til forskrift om miljø og helse i barnehagar og skular utgitt 03/2014 er storleiken på inneareala til grunnskular og vidaregåande skular presisert

(<http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Sider/default.aspx>):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

***Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.*

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklimate som luft, lys og akustikk er ivare tatt (jf. § 14).»

Framlegg til rettleiande arealnorm og arealanalysane av eksisterande skoler tar omsyn til desse føringane.

3.6.3 **Metodar for areal- og kapasitetsvurdering**

Vurderinga av elevkapasitet for skulane gir et anslag på kor mange elever skulen kan ha plass til, og potensialet for økt kapasitet ved ombygging/utbygging.

Det ligg ikkje føre ein fast standard for beregning av elevkapasitet ved skular, og i vurderinga av elevkapasitet på skulane, er fleire tilnærmingar nytta. Ved å berekne skuleanlegga si kapasitet med fleire ulike metodar, kan elevkapasitet fastsetjast for skulane.

3.6.3.1 Kapasitet utifrå netto generelt læringsareal

Med utgangspunkt i rettleiande arealnorm for samla netto undervisningsareal, blir det vurdert kor mange elevar det er plass til dersom denne arealnorma skal oppfyllest. Inkludert i netto generelt læringsareal ligg klasse- og baseareal, grupperom, elevgarderobar med toalett og SFO. På barnesteget dividerast netto generelt læringsareal med 5 m² pr. elev (inkl. SFO) og 4,6 m² pr elev på ungdomssteget (ekskl. SFO) – som svarar til areal pr. elev i arealnorma. Dette gir ein presis beregning av elevkapasiteten utifrå en forventa kvalitetsstandard. Ofte gir den eit lågare kapasitetstal enn andre modellar.

3.6.3.2 Kapasitet i klasseromma

Kapasiteten i klasseromma tar utgangspunkt i klasseroms- eller basearealet ved skulen og eit minimumsareal pr elev. Dette gir ein noko grovare berekning av elevkapasiteten, og ofte eit høgare tall på elevkapasitet. Enkelte kommunar, som f.eks. Oslo, har lagt til grunn antal klasserom x 28 eller 25 elever for å berekne elevkapasitet. Dette gir eit svært grovt anslag sidan det ikkje tek omsyn til varierende storleik og ulik utforming av klasseromma. Det er grunn til å anta at dette vil gi en enno høgare berekna elevkapasitet.

Maksimal teoretisk klasseromskapasitet angir kor mange elever skulen har plass til ved 100 % utnytting av kvart klasserom. Det er viktig å peike på at ei slik kapasitetsutnytting er teoretisk og vil sjeldan samsvare med faktisk elevtalsfordeling. **I de fleste tilfelle vil skulen være fullt utnytta kapasitetsmessig når elevtalet ligg på omkring 90 % av maksimal teoretisk kapasitet** – men dette er avhengig av variasjon i elevtal på dei einskilde årsstega, skulestorleik, utforming av læringsareala, omsyn til pedagogisk forsvarleg gruppestorleik og kapasiteten til byggets tekniske anlegg. I einskilde tilfelle kan skuleanlegg ha eit elevtal som er større enn vurdert maksimal teoretisk elevkapasitet – og drivast med overkapasitet – ved å nytte spesialrom, auditorium, mv. til generelle læringsareal.

I vurderinga av maksimal teoretisk elevkapasitet i klasseromma blir det nytta ein av tre berekningar (med utgangspunkt i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular).

- **Primære undervisningsrom utan tilleggsareal**
For kvar elev skal det være 2,5 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.
- **Primære undervisningsrom med noko tilleggsareal som grupperom, delingsrom etc.**
For kvar elev skal det være 2,25 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.
- **Primære undervisningsrom med rikeleg tilleggsareal som grupperom, delingsrom, fellesareal etc.**
For kvar elev skal det være 2,0 m² og i tillegg kommer 4 m² pr. lærer.

3.6.3.3 Spesialromskapasitet

Vurdering av antal spesialrom og areal. Dersom skulen har få/små spesialrom eller at spesialrom blir brukt til generelle læringsareal, vil dette vere kapasitetsavgrensande.

Skulen har også behov for spesialrom til fag som naturfag, mat og helse, musikk osv. Berekinga av behovet tar utgangspunkt i gjeldande fag- og timefordeling i grunnskolen slik den er presentert frå Utdanningsdirektoratet. Behovet er avhengig av skuledagens lengde, om det er 45-minutts eller 60-minutts undervisningsbolkar, korleis faga er fordelt på årssteg og storleiken på elevgruppene når de er i spesialromma. For å få en indikasjon på behovet for spesialrom er det gjort ei simulering, kor fag og timar er fordelt på årssteg, skuledagar med 45-minutters timer og halv elevgruppe i kvart skulekjøken.

3.6.3.4 Berekning av kapasitet i personalareal

Lærararbeidsplassar

Det blir i utgangspunktet lagt til grunn ei norm på 6 m² pr. arbeidsplass, og det vert skildra kor mange arbeidsplassar som er avsett areal til lærararbeidsplassar pr i dag gir plass til utifrå denne norma. På skular der noko av arbeidsplassarealet er trekt ut i eit samarbeidsrom i direkte tilknytning til arbeidsrommet, blir dette rekna som ein del av arbeidsplassarealet. Dette gjeld i hovudsak nokon av dei nyare skulane.

Administrasjon og leing

Det blir lagt til grunn at barneskular har behov for følgjande arbeidsplassar til adm./leing:

- 1 rektor
- 1 avdelingsleiar/inspektør pr. parallell
- 1 SFO-leiar
- 1 kontorfullmektig

Dette gir at en 1-parallell barneskole har behov for 4 kontorarbeidsplassar, en 2-parallell barneskole har behov 5 kontorplassar osb. til administrasjonen.

3.6.3.5 Kapasitet ut frå brutto bygningsareal

Ein annan måte å berekna kapasitet ut frå bruttoareal på er å ta utgangspunkt i rettleiande arealnorm for samla bruttoareal, og vurdert kor mange elevar det er plass til dersom denne arealnorma blir oppfylt. Det må noterast at nyare skuleanlegg ofte er mykje meir arealeffektive, enn gamle skuleanlegg. Kapasiteten ut frå ei måling basert utelukkande på bruttoarealet, blir derfor grov og med større feilmargar enn metodane som er beskrivne ovanfor. Ei kapasitetsvurdering utfor det samla bruttoarealet til skulebygga tar omsyn til alle funksjonane i skulen – og har dermed eit mindre søkelys på kvaliteten og storleiken i elevareala.

3.6.4 **Skulens uteområde**

Skulens uteområde er ein viktig arena for leiken til barn der dei skal få utfolda seg, både i og etter skuletid. Mellom anna har mange skular dei seinare åra tatt i bruk uteareal som pedagogisk prinsipp i undervisninga. Gjennom utforminga av uteområdet kan ein stimulera barn og unge til å halda seg i aktivitet og gi dei opplevingar som forsterkar lysta til å utfordra eigne grenser. Ein suksessfaktor for dette er å tilby gode moglegheiter for utfolding for barn i alle aldrar.

Sjølv om det kan gjennomførast mange gode og engasjerande aktivitetar i den tradisjonelle skulegarden, kan ei lære noko av å sjå på dei erfaringane som er gjort i barnehagane. Frå barnehagesektoren er det ein kjend samanheng mellom utforminga av barnehagens uteareal og aktivitetsnivået til barna, helse og positive åtferd. Barnehagar med eit stort uteareal beståande av ein variasjon i natur- og kulturvegetasjon opplever at barna oftare leikar fantasileikar, at dei har eit rolegare tempo og at barna er sjeldnare i konflikter.

Det er grunn til å tru at dette òg vil gjelda for barn i grunnskulen. Det er derfor viktig å inkludera utearealet i arbeidet med å forbetra kvalitetane til eit skuleanlegg slik at dei er eigna til formålet.

Statlege råd om utearealens storleikar

Det er ikkje eigne statlege arealnormer for å fastsetja storleiken på skulenes uteområde. Rapporten «Skolens uteareal – Om behovet for arealnormer og virkemidler» (Sosial- og helsedirektoratet, 2003) kjem med råd og forslag til uteområdas storleikar. Dette er meint som ei tilråding:

- ❖ Minimumsnorm på 50 m² netto uteareal per elev.
- ❖ Minimumsareal ved små skular (færre enn 100 elevar): ca. 5 000 m²
- ❖ Minimumsareal ved middels store skular (mellom 100 og 300 elevar): Ca. over 5 000 m² - 15 000 m²
- ❖ Minimumsareal ved store skular (fleire enn 300 elevar): ca. 15 000 m². For kvar elev over 300 kjem eit tillegg på 25 m² pr elev.

Uteareal for ein skule med 400 elevar bør etter denne statlege rådgivande norma disponere ca. 17 500 m² og ein skule med 600 elevar bør ha 22 500 m² uteareal.

Dei nasjonale føringane skil mellom eksisterande og nye skuleanlegg

For nye skuleanlegg bør dei nasjonale føringane vera tilfredsstillte, og areala skal vera samla innanfor skulens uteareal. For eksisterande skular med små areal bør «minstenorma» tilfredsstillast innanfor 200 m frå skulebygningen. Kommunen må sørge for at aktuelle offentlege tilgjengelege areal i nærmiljøet til skulen

blir sikra gjennom arealplanlegginga, ved oppkjøp av areal, ved leigeavtalar og liknande. Kommunen må først og fremst sørge for at slike areal blir avsette i oversiktsplanlegginga som friområde eller friluftsområdet etter plan- og bygningslova.

Kvalitet og variasjon viktigare enn storleiken i seg sjølv


Det statlege arealforslaget inneber plass til alle elevane ute samtidig. Mange skular som har små uteareal, organiserer friminutta/pausane slik at elevane bruker uteområdet til ulike tider.

Men ei side er storleiken på uteområdet, like viktig er sjølve utforminga av uteområdet. Uteområdet må òg gjerast variert og stimulera mange målgrupper (jente-gut-nedsett funksjonsevne, mv) på ulike aldersnivå. Vidare må uteområdet fungera i alle årstider. Dette er vel så viktige kriterium som sjølve storleiken på uteområdet åleine. Kvalitet og variasjon blir òg framheva som viktige faktorar av Helsedirektoratet (Udir-konferanse 2017 om Fysisk læringsmiljø i Trondheim).

3.6.5 Dagens organisering av grunnskulen

Tysnes kommune har i dag 3 kommunale grunnskular. Dei kommunale er organisert som ein 1-7 skule, ein 1-4 skule og ein 5-10 skule (under ombygging).

Skulenamn	Elevtal 2020/2021 heile skulen
Uggdal skule	119
Tysnes skule	170
Onarheim skule	38
Sum alle skular	327



Den største skulen er Tysnes skule med 170 elevar. Uggdal skule og Tysnes skule ligg i same skulekrins der Uggdal skule har 1.-4. årssteg og Tysnes skule har 5.-10. årssteg.

Skulane ligg spreitt i kommunen. Onarheim skule har 1.-7. årssteg og elevane herifrå går til Tysnes skule når dei tar til på ungdomssteget.

3.6.6 Skuleskyss og avstandar

Opplæringslova § 7-1 gjev elevar følgjande rettar i høve skuleskyss:

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skuleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.

Opplæringslova § 13-4 Ansvar for skoleskyss m.m.:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølge og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

Merknad frå Ot.prp.. nr. 46 (1997/1998) til § 7-1 i opplæringslova

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.

I reisetida skal gangtid, ventetid og reisetid frå heimen til skulen eller dør til dør målast. Det er kommunen som vurderer om skulevegen er farleg eller ikkje.

Opplæringslova har ikkje lenger øvre grenser for kva som er akseptabel reisetid – og det er opp til Tysnes kommune å gjere desse vurderingane. Tidlegare var maksimal tilrådd reisetid – ein veg – lovregulert til 45 minutt for elevar på småtrinnet, 60 minutt for elevar på mellomsteget og 75 minutt for elevar på ungdomssteget. Denne tilrådinga er ikkje lenger styrande for kommunane, men vert framleis nytta som grenseverdiar i skyssvurderingane.

3.7 Onarheim skule 1-7

Nøkkeltal skoleåret 2020/2021 (jf. GSI)	
Antal elever	38
Antal barn i SFO	12
Antal personar lærarar	4
Antal personar assistentar/fagarbeidarar	2
Antall personer ledelse, kontortjeneste, rådgivere m.m.	1



Funksjon	Antal rom	Nettoareal (m ² NTA)
Generelle læringsarealer	4 klasserom 3 grupperom 0 fellesrom Garderobar og toalett	226,3 m ² 37 m ² 0 m ² 93,5 m ²
SFO	SFO-base	51 m ²
Spesialutstyrte læringsarealer	1 mat og helse 2 kunst og handverk 1 bibliotek/musikk 1 gymsal	57 m ² 140 m ² 82 m ² 130 m ²
Administrasjon- og personalareal	3 kontor 0 møterom 2 personalrom Personalgarderobar og toalett	22 m ² 0 m ² 32 m ² 32,5 m ²
Lærer-arbeidsplasser	1 arbeidsrom	50 m ²
Samlet bruttoareal		1456 m²

Onarheim skule består av eitt bygg i to etasjar, samt ein mellometasje med to rom. Skulen er bygd i tre byggsteg. Det første er den midtre delen av bygget med klasserom, spesialrom og administrasjon. Dette vart bygd i 1957. Neste byggsteg var i 1975, då skulen fekk gymnastikkareal og formingsavdeling. Tredje byggsteg stod ferdig i 1998. I dag vert deler av skulen nytta som barnehage, men dette skal tilbakeførast til skulen når ny barnehage står ferdig på nabotomta til skulen.

Generelle læringsarealer

Onarheim skule har fire klasserom og tre grupperom. To av grupperomma ligg i tilknytning til klasserom. Klasseromma er ordinære, rektangulære klasserom med litt ulik størrelse. Det er dobbeldør mellom dei to klasseromma i den nyaste delen av skulen og kjøkenkrok i det største rommet. I denne delen er det og eit grupperom som kan delast med foldevegg. Det er litt varierende kvalitet på fasilitetane i klasseromma, og nokre av romma verkar litt uryddige. I og med at elevtalet på

skulen er såpass lågt, har skulen godt med generelt læringsareal og gode areal til å kunne dele gruppene.

Det er våtgarderobe og tørrgarderobe for dei yngste elevane i den nyaste delen av skulen. Her er det og eit HC-toalett. Dei eldste elevane har garderobe i korridoren utanfor klasserommet. Skulen er på den måten delvis, men ikkje heilt delt inn i rein og skitten/tørr og våt sone. Det er eit felles jentetoalett og eit gutetoalett med inngang utanfrå. Dette er ikkje ideelt, då elevane må ta på seg utesko.

SFO

SFO har anledning til å ha ein eigen base i underetasjen i bygget. Her er det eit grupperom som kan nyttast av skulen samt eigne garderober til både vaksne og born. Her er også kontor og personalrom. SFO kan disponere alle rom på skulen, men dersom dette vert nytta som base må ein gå ut for å nytte resten av skulen som har ein annan inngong.

Spesialutstyrte læringsarealer

Skulen har spesialisert læringsareal til Mat og helse, musikk, bibliotek, kunst og handverk og idrett. Skulekjøkenet (57 m²) ligg i underetasjen i den eldste delen av bygget. Rommet er tradisjonelt utforma med tre arbeidsstasjonar og spiseplass. Inventaret er gammalt.

Skulen har eit kombinert bibliotek og musikkrom på 82 m². Rommet er innreia med bokreolar i eine enden, og korbenkar, lydanlegg og lerret i andre enden. Rommet vert og nytta til filmframsyning og som samlingsstad/møterom for lag i lokalsamfunnet.

Kunst og handverksavdelinga består av ein sløydsal (83 m²) og eit rom for tekstilforming og teikning/måling (57 m²). Romma er godt utstyrt og svært tenlege som formingsrom men bør ryddast. Ved inngangen til avdelinga er det ein garderobe med toalett.

Gymsalen er ein tradisjonell gymsal på 130 m², utstyrt med ribbevegg, basketballstativ, tau og bom. I tilknytning til gymsalen er det scene (26m²), apparatrom (9 m²) og to garderober med dusj (28 m² og 29 m²). Det er ikkje stollager ved gymsalen, men ved biblioteket i underetasjen. Gymsalen er slitt, noko som vanskeleggjer reinhald.

Administrasjon- og personalareal


Administrasjon- og personalarealet er samla i den eldste delen av skulen. Personalrommet har kjøkenkrok er 24 m² og dette står ferdig rehabilitert i 2021. Garderoben ved personalrommet er trong, og etter rehabiliteringa i 2010 vart det etablert ny garderobe med skåp i mellometasjen. Der er det gode tilhøve og toalett. Her er det også eit møterom/kontor som skulehelsetenesta kan nytte.

Rektor sitt kontor (8 m²) er plassert mellom lærararbeidsrommet og personalrommet. Kontoret er lite, men elles tilfredsstillande.

Lærer- arbeidsplasser

Lærarane sine arbeidsplassar er samla i eit tidlegare klasserom (50 m²), med direkte tilgang frå personalrommet. Rommet er innreia med fire arbeidsplassar, møtebord, kopi/produksjonsareal og bokreolar langs to veggjar. I tillegg til møtebord på arbeidsrommet, er det eit lite møterom (6,5 m²) i mellometasjen. Alle kontor og arbeidsrom bar preg av rot og ombygging ved synfaring.

3.7.1 Kapasitetsvurdering



Kapasiteten i Onarheim skule tek utgangspunkt i fire klasserom – det vil skulen ha som tilgjengeleg areal når den nye barnehagen er ferdig. Skulen er i dag organisert som ein fådelt skule.

Den maksimale teoretiske kapasiteten er sett til 100 elevar med om lag 14 elevar i kvar klasse, organisert som ein ordinær klasseinndelt skule. Ved å nytte SFO-base i kjellar, eitt av KH-romma og bibliotek/musikkrom som klasserom vil ein framleis ha god kapasitet med ein slik organisering.

Skulen vert ikkje utfordra på kapasitet og det er god plass i skuleanlegget gjennom heile prognoseperioden.

3.8 Uggdal skule 1-4

Nøkkeltal skoleåret 2020/2021 (jf. GSI)	
Antal elever	119
Antal barn i SFO	45
Antal personar lærarar	11
Antal personar assistentar/fagarbeidarar	10
Antall personer ledelse, kontortjeneste, rådgivere m.m.	1
Totalt antal tilsette	23



Funksjon	Antal rom	Nettoareal (m ² NTA)
Generelle læringsarealer	7 klasserom 5 grupperom 0 fellesrom Garderobar og toalett	410 m ² 74 m ² 0 m ² 113 m ²
SFO	SFO-base og kjøkken, inkluderer også bibliotek og KH-avdeling.	179 m ²
Spesialutstyrte læringsarealer	1 gymsal	167 m ²
Administrasjon- og personalareal	1 kontor 2 møterom 1 personalrom 1 personalgarderobar 1 kopi- og arkivrom	23 m ² 16 m ² 40 m ² 22 m ² 11 m ²
Lærer-arbeidsplasser	1 arbeidsrom	40 m ²
Samlet bruttoareal		2130 m²

Uggdal skule består av eitt bygg i to etasjar. SFO disponerer underetasjen. Undervisningsareala har god standard med god tilgang på datamaskinar og utstyr.

Generelle læringsarealer

Uggdal skule har til saman sju ordinære klasserom og fem grupperom. Klasseromma i 1.etg (59 m² og 44 m²) har foldevegg. Dei tre klasseromma i 2.etg er alle 58,5 m². Dei to grupperomma i 2. etg. er plassert mellom klasseromma, med direkte åtkomst frå klasserom. Det eine grupperommet vert nytta som datarom. Tre av grupperomma er plassert i underetasjen. Avstanden mellom grupperomma og klasseromma vanskeleggjer fleksibilitet i bruk av romma.

Det er to garderobar for elevane i 1.etg, lokalisert ved inngangane frå uteområdet. Elevtoaletta er lokalisert ved den eine garderoben, og det er eit HC-toalett ved den andre garderoben. Det er litt knapt med toalett for elevane. Til saman har skulen 106 m² med garderobar og toalett for elevane. I tillegg vert den eine gymgarderoben

nytta til spylerom og tørkerom. Alle elevane har eigen gardereobeplass, men gardereobetilhøva for elevane opplevast tronge.

Skulen er delt inn in rein og urein sone, og innanfor gardereobeområdet nyttar elevane innesko. Dette bidrar til eit godt innemiljø.

Skolen har eit netto generelt læringsareal på 776 m².

SFO

SFO har base i det som tidlegare har vore skulekjøken og kunst- og handverksareal. Romma ligg i underetasjen og er innreia med benkar og bord, leikeareal, kjøken og fleire grupperom. Areal vert også nytta til undervisning i løpet av skuledagen. Det kan etablerast kontor for elevtenester med eigen inngang i enden av SFO-basen.

Spesialutstyrte læringsarealer

Av spesialisert læringsareal har skulen gymsal. I tillegg er det eit skulekjøken og en tidlegare kunst og handverksavdeling i underetasjen, som no vert nytta i sambruk med SFO. Her er det også bibliotek med nokre bokhyller og lese plassar i eine enden av rommet.

Gymsalen er ein tradisjonell gymsal på 167 m², utstyrt med ribbevegg, basketballstativ, tau, bom og turnringer. I tilknytning til gymsalen er det scene (36 m²), apparatrom (23 m²) og to gardereobar med dusj (36,5 m² og 33,5 m²). Det er ikkje stollager. Den minste gardereoben ligg i tilknytning til utegardereoben for elevane og vert i hovudsak nytta som spylerom og tørkerom for uteklede. Det er og eit HC-toalett med dusj ved gymsalen/gardereobane. Gymsalen skal renoverast i 2021.

Symjeundervisninga går føre seg i symjehallen på Tysnes skule.

Administrasjon- og personalareal

Administrasjon- og personalarealet er samla i eine delen av 1.etg. Areal består av arbeidsrom for lærarane, kopirom, personalrom, møterom, kontor for rektor og gardereobe/toalett. Alle areala er lyse og trivelege men det er litt knapt med møterom.


Personalrommet er på 40 m² og er innreia med kjøkenkrok, sofaar og bord. Møterom og rektor sitt kontor er 15,5 m² og 16,5 m². Kontoret til rektor har vindauge ut mot skuleplassen. Skulehelsetenesta nyttar det eine rommet som kontor, noko som bidreg til opplevd trangbuddheit.

Den opphavlege personalgardereoben er berre 5,5 m² nyttast som møterom. Personalgardereobane er difor plassert litt rundt i bygget. og rimeleg trong. Alle tilsette har eigne skåp. Det er eit felles HC-toalett for dei tilsette.

Lærer- arbeidsplasser

Arbeidsplassane for lærarane er samla i eitt rom på 40 m². Her er det 10 arbeidsplassar og litt knapt med plass. Ved sida av arbeidsrommet ligg eit kopi/produksjonsrom på 10 m².

3.8.1 Kapasitetsvurdering



Uggdal skule husar småtrinnslevane frå 1.-4. årssteg i Uggdal/Tysnes skulekrins. Skulen har med en struktur på 7 klasserom ein maksimal teoretisk kapasitet på rett under 150 elevar. Skulen disponerer fleire grupperom, fint bibliotek/mediatek og egen gymsal i tillegg til at det er godt med støtteareal i underetasjen som nyttast som SFO-base. Skulen er delvis rehabilitert.

Skulen har et stort behov for garderobefasilitetar både til elevar og vaksne sidan det berre er småtrinnslevnar og SFO som går her. Dagens garderobeløysing for elevane er ikkje optimale, og krev god organisering for å fungere godt. Garderobefasilitetane til dei vaksne opplevast som litt overalt, og her bør ein jakte på betre løysingar enn dei ein har i dag. Det er moglege sambruksløysingar for elevtenesta, møterom og SFO i underetasjen som kanskje kunne vært utforska meir, dette ville frigjere meir areal til mellom anna garderobe i administrasjonsfløya.

Fasilitetane til lærarane og administrasjonen opplevast elles gode, om enn litt trengt på arbeidsromma til lærarane.

Med 7 klasserom og fleire store grupperom har skulen fleksibilitet til å etablere delingsrom ved behov. Her kan også underetasjen nyttast med at eitt trinn har tilhald her i dei periodane skulen har behov for 8 grupper. Kapasitetsanalysen syner at dette vil skje frå og med skuleåret 27/28 og størstedelen av prognosetida deretter.

3.9 Tysnes skule 5-10

Nøkkeltal skoleåret 2020/2021 (jf. GSI)	
Antal elever	170
Antal barn i SFO	0
Antal personar lærarar	25
Antal personar assistentar/fagarbeidarar	7
Antall personer ledelse, kontortjeneste, rådgivere m.m.	3



Funksjon	Antal rom eksisterande bygg	Nettoareal (m ² NTA)	Antal rom nybygg	Nettoareal (m ² NTA)
Generelle læringsarealer	6 klasserom 2 grupperom 1 fellesrom Garderobar og toalett	362 m ² 72 m ² 57 m ² 49 m ²	3 læringsareal 7 grupperom 2 fellesrom Garderobar og toalett	436,1 m ² 78,8 m ² 254,9 m ² 115,1 m ²
Spesialutstyrte læringsarealer	0 mat og helse 0 musikk 3 kunst og handverk 1 naturfag	0 m ² 0 m ² 245 m ² 66,9 m ²	1 mat og helse 1 musikk 0 kunst og handverk 0 naturfag	80,2 m ² 93 m ² 0 m ² 0 m ²
Administrasjon- og personalareal	5 kontor 3 møterom 1 personalrom 1 personalgarderobar 2 kopi- og arkivrom	58,3 m ² 52,6 m ² 70 m ² 17,1 m ² 18,5 m ²	0 kontor 2 møterom 1 personalrom 1 personalgarderobar 1 kopi- og arkivrom	0 m ² 29,2 m ² 43,9 m ² 26 m ² 3,1 m ²
Lærer- arbeidsplasser	4 arbeidsrom	129 m ²	3 arbeidsrom	90 m ²
Samlet bruttoareal		2415 m ² (henta frå gammal rapport)		?

Tysnes skule er under påbygging, men består av eit langstrakt samanhengande bygg som er i bruk i dag. Dette er ungdomsskuledelen stod ferdig i 1971. Nytt tilbygg for mellomsteget 5-7 vil stå ferdig ved skulestart hausten 2021.

Generelle læringsarealer

Tysnes skule skal bli delt i ein barneskuledel og ein ungdomsskuledel når byggeperioden er ferdig. Barneskuledelen vil få 3 gode læringsareal med tilhøyrande grupperom. Her vil det også kome ein ny musikkavdeling, ny mat- og helsedel i tillegg til gode fellesareal. Kulturskulen får også tilhald i det nye skulebygget. Barneskuledelen vil få nye gode garderobefasilitetar og nye toalett.

Ungdomsskuledelen inneheld seks klasserom og 2 grupperom. Klasseromma er ordinære lukka rom, fire rom på 60 m², eit på 50 m² og eit på 71 m². Det er to grupperom i ungdomsskuledelen av skulen, begge med god storleik (31 m² og 41 m²). Det er knapt med grupperom i høve til behovet, men det opnar seg nye moglegheiter med nytt påbygg for betre utnytting av fasilitetane.

Elevane på ungdomstrinnet har garderobe i korridor. Skulen har ikkje reine og skitne/tørre og våte sonar. På ungdomssteget er det elevtoalett med tilgang utanfrå i u.etg. Dette er ikkje ideelt.

Spesialutstyrte læringsarealer

Skulen har naturfagrom og gode rom i kunst og handverksavdelinga i ungdomsskuledelen. Det er eit lager/rom for førebuing i tilknytning til naturfagrommet, dette vil bli nytt i samband med utbygginga (jf. teikning). Kunst- og handverksavdelinga ligg i 1.etg av ungdomsskuledelen. Avdelinga består av eit tekstilformingsrom (81 m²), eit måle- og keramikkrom (49 m²), fotorom (6 m²) og ein stor sløydsal med materiallager (109 m²). Alle areala er rommelege og godt utrusta.

Bibliotek er samlokalisert i idrettshall like ved. Kroppsøvningsundervisning går også føre seg her. Her er det svært gode tilhøve for idrett.

Skulekjøkenet blir lokalisert i nybygget. I tilknytning til kjøkenet er det matlager, eige vaskerom og eige kjølerom. Musikkavdelinga blir også lokalisert i nybygget. Det blir eit stort og godt musikkareal med tilhøyrande lager og gode øvingsrom som også kan nyttast som grupperom og av kulturskulen.

Administrasjon og personalareal

Administrasjonen held til i 2.etg, nær hovudinngangen til skulen og består av rektor sitt kontor, forkontor, kontor for inspektørar, rådgjevar og sosiallærar. Kontora har tilfredsstillande storleik og utforming. Dette fasilitetane overtar skulehelsetenesta når ombygginga er ferdig.

Når skulen er ferdig, vil administrasjonen få fem gode kontor med tilhøyrande møterom og arkiv. I tillegg vert det bygga nye møterom i nærleiken av dei nye arbeidsromma til lærarane i nybygget. Kulturskulen vil også få eige kontor og arbeidsrom i nybygget.

Eit av personalromma ligg i 3.etg av ungdomsskuledelen og er på 70 m². Rommet er innreia med kjøkenkrok, bord og sofaar. Det er stort nok til å romme heile personalet. Det blir bygga nytt personalrom i den nye barneskuledelen i tillegg.


I den nye delen av skulen blir det bygga nye personalrom og garderober til personalet med tilhøyrande toalett. I ungdomsskuledelen er det ikkje tilrettelagt med dei same fasilitetane i tilfredsstillande grad, og dette bør ein sjå på når skulen er ferdig bygd ut.

Lærer-arbeidsplasser

Lærarane sine arbeidsplassar er i teamrom i den nye barneskuledelen. Desse blir store og gode arbeidsrom med tilhøyrande små møterom.

I ungdomsskuledelen er det både teamrom og enkeltkontor. Det er enkeltkontorar og mindre arbeidsrom med skråtak i 3.etg av ungdomsskuledelen. Arbeidsplassane oppleves ikkje tilfredsstillande i høve til areal, luft og lys og heller ikkje med tanke på rømningsvegar.

3.9.1 Kapasitetsvurdering



Tysnes skule er per i dag under utbygging. Når skulen er ferdig utbygd har ein vurdert maksimal teoretisk kapasitet på nær 350.

Det er god kapasitet i skuleanlegget gjennom heile perioden frå nybygget står ferdig, særleg gjeld dette for barnesteget i dei nye læringsareala.

4 Strategiar og tiltaksutforming

4.1 Store endringar i skule- og barnehagestrukturen i førre plan – behov for endringar no?

Tysnes kommune gjorde store endringar i barnehage- og skulestrukturen i «førre runde». Her vart Lunde skule lagt ned og overført til Uggdal (småsteget) og Tysnes (mellom- og ungdomssteget) skular.

Samstundes vart mellomsteget frå Uggdal overført til Tysnes skule.

Onarheim skule vart vidareført som skulestad utifrå fleire motiv som lang og dårleg reiseveg for dei yngste elevane, bygdeutviklingsmotiv, liten økonomisk gevinst, grei bygningsmessig standard og utnytting av skulen, mv.

4.1.1 Kommunale tilbod i grendene

Eit uttalt politisk mål i førre runde var at grendene skulle ha synlege kommunale tenester enten skule eller barnehage eller både delar. Difor vart det i førre runde vidareført eit knesett prinsipp om kommunale tilbod i grendene. Truleg er skulen meir sentral og viktig for innbyggjarane i grendene / bygdene - der representerer og symboliserer skulane og barnehagane på mange måtar dei siste synlege restane av tenestetilboda frå storsamfunnet.

Om det er skulen eller arbeidsplassutviklinga som skal syta for tilflytting og utvikling av bygdene, er eit mykje drøfta tema. Det er det er arbeid, der kjem folk - der det er folk, der er det grunnlag for offentlege tenester er litt forenkla forklart utgangspunktet for offentlege og private tenesteetableringar.

4.1.2 Tysnes kommune – atypiske i høve folketalsvekst og utvikling

Også i førre skule- og barnehagebruksplan synte prognosane at Tysnes kommune er ulik mange vestlandskommunar i den forstand at det ikkje er stor folketalsnedgang og fråflytting i kommunen. Tysnes har hatt vekst og stabile tal i høve utviklinga av folkesetnaden. Denne nye reviderte prognosen for kommunen syner same trend. Kommunen får ei betre utvikling enn kva SSB sine framskrivingar tilseier, slik at behova for kommunale tenester i er veksande i kommunen. Mange utkantkommunar på Vestlandet opplever nedgang i folketalet og fødslane lokalt. På Tysnes ser ein litt andre og meir positive utviklingslinjer.

Med positiv folketalsutvikling, er det og grunnlag for at inntektene og dei statlege rammeoverføringane aukar i framtida. Kommunar med fråflytting har motsett utfordring.

4.1.3 Nytt fastlandssamband Ny E39 – langsiktige spanande tider for kommunen



Med vedteke Hord-fast i NTP, ligg også mykje til rette for at kommunen kan få auka attraktivitet. Ny og trygg fastlandsforbinding, kan styrke kommunen sin ståstad i regionen.

Dette samferdsletiltaket har potensial i seg til å styrke kommunen i regionen enno meir – og kan tale for å ikkje endre på skule- og barnehagestrukturen no.

4.2 Føresetnader

Tiltaka er utarbeidd med slike føresetnader:

Barnehage:

- Onarheim krins ligg fast - stor lokal aktivitet med arbeidsplassutvikling og bustadbygging – samt vedtak om bytt barnehagebygg – gjer at det ikkje vert føreslege endringar i barnehagestruktur her.
- Lunde barnehage vert følgt opp og ligg fast.
- Ingen endringar for Vågsmarka barnehage – men det kan vurderast om barnehagen kan overta nabobygget (dersom dette kan frigjerast til andre kommunale føremål). Ei slik løysing bør sjåast i samheng med evt. utbyggingstiltak for Stjernereiso barnehage i Uggdal – slik at barnehagekapasiteten vert vurdert samla sett for Lunde, Våge og Uggdal.
- Avhengig av tilstandsanalyser om levetid for Stjernereiso barnehage – kan det vurderast enten nybygg eller andre langsiktige løysingar for ny barnehage i Uggdal.

Grunnskule:

- For grunnskule er det utarbeidd to alternative løysingar – utover vidareføring av dagens struktur (alternativ A).

4.2.1 Kommentar om Stjernereiso barnehage

Bygningen er synfart og vurdert med tanke på barnehagefagleg funksjonalitet og kapasitet. Det er ikkje gjort byggteknisk tilstandsanalyse i denne runden, men Stjernereiso barnehage er ein barnehage med gode indre kvalitetar og funksjonar. Vår visuelle observasjon tilseier at bygget kan nyttast til barnehageføremål i fleire år framover. Bygget er eit paviljongbygg med dei ytre rammene og estetiske kvalitetane dette medfører. Sjå elles vår vurdering av barnehagen tidlegare i rapporten.

4.3 Alternativ A – vidareføring av dagens situasjon

4.3.1 Strukturelle konsekvensar

Ingen

4.3.2 Bygningsmessige konsekvensar

Anlegg	Tiltak
Tysnes skule 5-10	Er under bygging og er finansiert.
Uggdal skule 1-4	Ombygging av underetasje til to klasserom med kjøkkenfunksjon og SFO base. Tilbygg til administrasjonsfløy for auka administrasjons- og personalfunksjonar med lærararbeidsplassar, kontor, møterom mv. Oppussing av overflater. Tiltak i uteområdet for å auke variasjon og tilbod.
Onarheim 1-7	Mindre oppussing av spesialrom og barnehageareal for å sikre meir heilskap i anlegget. Uteområdet får oppgradering i samband med barnehageutbygginga.
Vågsmarka barnehage	Det er behov for auka areal til pedagogarbeidsplassar og administrasjonsareal (møterom, kontor, personalrom, mv.)
Stjernereiso barnehage	På lengre sikt; nybygg. Det er valt å synleggjere ei dimensjonering på 72 plassar – med same kostnad som ny barnehage i Onarheim. Dette skal holde som dimensjonering i høve felles barnehageområde for Lunde, Våge og Uggdal. Rive- og flyttekostand ikkje medteke.
Lunde barnehage	Synleggjort vedtekne oppgraderingstiltak. Er finansiert og er under bygging.
Onarheim barnehage	Nybygg. Vedteke og er under planlegging / bygging. Er finansiert.

4.3.3 Investeringmessige konsekvensar inkl. vedtekne utbyggingstiltak

Alternativ A	Dimensjonerende barnetall	Type tiltak (m2)					Anslått investeringskostnad (NOK)					
		Opp-pussing	midtdels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Uterområde	Opp-pussing	midtdels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Uterområde	Investeringskostnad
Tynes skule 5-10	210	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	65,0 mill
Uggdal skule 1-4	130	1 000	300	-	200	400	3,0 mill	3,6 mill	8,4 mill	0,6 mill	-	15,6 mill
Onarheim skule 1-7	45	450	-	-	-	-	1,4 mill	-	-	-	-	1,4 mill
Vågsmarka barnehage	42	-	-	-	150	-	-	-	5,3 mill	-	-	5,3 mill
Stjernereiso barnehage	72	-	-	-	-	-	-	-	41,0 mill	-	-	41,0 mill
Lunde barnehage	72	-	-	140	-	-	-	2,8 mill	-	-	-	2,8 mill
Onarheim barnehage	35	-	-	-	-	-	-	-	41,0 mill	-	-	41,0 mill
Sum	606	1 450	-	140	350	400	4,4 mill	3,6 mill	95,7 mill	0,6 mill	-	172,0 mill


Det er lagt til grunn alle tiltak i skule og barnehage lokalt – også dei tiltaka som er finansiert og er under planlegging / bygging.

For dei skisserte tiltaka som manglar finansiering er det synt eit langsiktig behov for ny Stjernereiso barnehage med 72 plassar. Dersom Vågsmarka barnehage kan overta nabobygget til barnehageføremål og bygge dette om – vil dimensjoneringa av eventuell ny barnehage i Uggdal kunne reduserast.

Vidare er det synleggjort ut- og ombygging av Uggdal skule for å sikre meir elevareal og betre SFO-funksjon. Det er lagt inn eit tilbygg for å auke funksjonalitet til lærararbeidsplassar og administrasjon.

4.4 Alternativ B – Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal 1-4.

4.4.1 Strukturelle konsekvensar



Ei overføring av Uggdal skule 1-4 til Tysnes skule inneberer at skulen vert ein kombinert 1-10 skule med eit elevtallsgrunnlag rundt 300-320 elevar.

4.4.2 Bygningsmessige konsekvensar

Anlegg	Tiltak
Tysnes skule 1-10	Nytt byggjesteg for småskulen 1-4 inkl. SFO og lærararbeidsplassar. Det kan vurderast om det skal etablerast noko spesialromfunksjonar som Bibliotek og meir verkstadsprega funksjonar for reine og «sølete» aktivitetar (K/H). Lagt til grunn 800 m ² elevareal inkl. garderobar (160 elevar) + 150 m ² SFO + 150 m ² personalfunksjonar + småtrinnsbibliotek 100 m ² – med ein b/n faktor på 1,45 = 1 740
Uggdal skule 1-4	Vert ombygd til ny barnehage. Her bør det gjerast mogleighetsstudie om det er rekningsvarande å bygge om eller rive og bygge ny barnehage (Stjernereiso) på tomte.
Onarheim 1-7	Mindre oppussing av spesialrom og barnehageareal for å sikre meir heilskap i anlegget. Uteområdet får oppgradering i samband med barnehageutbygginga.
Vågsmarka barnehage	Litt tilbygg for å sikre meir administrasjons- og personalareal.
Stjernereiso barnehage	Ombygd i Uggdal skule.
Lunde barnehage	Synleggjort vedtekne oppgraderingstiltak. Er finansiert og er under bygging.
Onarheim barnehage	Nybygg. Vedteke og er under planlegging / bygging. Er finansiert.

4.4.3 Investeringsmessige konsekvensar


Alternativ B	Dimensjonerende barnetall	Type tiltak (m2)				Anslått investeringskostnad (NOK)						
		Opp-pussing	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Uterområde	Opp-pussing	middels ombygging	Ombygging /rehabilitering	Nybygg	Uterområde	Investeringskostnad
Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal skole												
Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal	315	-	-	-	1 740	-	-	-	73,1 mill	-	-	138,1 mill
Uggdal skule ombyggast til barnehage	96	-	2 130	-	-	-	25,6 mill	-	-	-	-	25,6 mill
Onarheim skule 1-7	45	450	-	-	-	-	1,4 mill	-	-	-	-	1,4 mill
Vågsmarka barnehage	42	-	-	-	150	-	-	-	5,3 mill	-	-	5,3 mill
Stjerneise barnehage	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Lunde barnehage	72	-	-	140	-	-	-	2,8 mill	-	-	-	2,8 mill
Onarheim barnehage	35	-	-	-	-	-	-	-	41,0 mill	-	-	41,0 mill
Sum	605	-	-	#REF!	-	-	25,6 mill	2,8 mill	119,3 mill	-	-	214,0 mill

Tysnes skule vert får nytt tilbygg for småtrinnet. Det er valt å synleggjere ei ombygging av Uggdal skule til barnehageføremål. Skulen er stor i areal – og kan gje plass til mange born. Ei slik løysing vil ikkje krevje kapasitetsauke i Våge.

På Tysnes skule er investeringskostnaden også inkludert pågåande utbyggingsprosjekt for mellomsteget.

4.5 Alternativ C – Ein felles skule for heile kommunen – Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal skule og Onarheim skule

4.5.1 Strukturelle konsekvensar



Ein felles 1-10 skule på Våge får eit elevtalsgrunnlag på om lag 350-360 elevar i prognoseperioden. Årsstega ligg mellom 33-43 elevar. Med ei utbygging som tilseier to klassar pr årssteg – vil det vere god kapasitet i Tysnes skule.

4.5.2 Bygningsmessige konsekvensar

Anlegg	Tiltak
Tysnes skule 1-10	Nytt byggjesteg for småskulen 1-4 inkl. SFO og lærararbeidsplassar. Det kan vurderast om det skal etablerast noko spesialromfunksjonar som Bibliotek og meir verkstadsprega funksjonar for reine og «sølete» aktivitetar (K/H). Lagt til grunn 800 m ² elevareal inkl. garderober (160 elevar) + 150 m ² SFO + 150 m ² personalfunksjonar + småtrinnsbibliotek 100 m ² – med ein b/n faktor på 1,45 = 1 740
Uggdal skule 1-4	Vert ombygd til ny barnehage. Her bør det gjerast moglegheitsstudie om det er rekningsvarande å bygge om eller rive og bygge ny barnehage (Stjernereiso) på tomte.
Onarheim 1-7	Vert avhenda / solgt eller nytta til andre føremål (ikkje privat skuleføremål)
Vågsmarka barnehage	Litt tilbygg for å sikre meir administrasjons- og personalareal
Stjernereiso barnehage	Ombygd i Uggdal skule eller ny barnehage på tomte til Uggdal skule
Lunde barnehage	Synleggjort vedtekne oppgraderingstiltak. Er finansiert og er under bygging.
Onarheim barnehage	Nybygg. Vedteke og er under planlegging / bygging. Er finansiert.

4.5.3 Investeringsmessige konsekvensar

Alternativ C	Dimensjonerende barnetall	Type tiltak (m2)				Anslått investeringskostnad (NOK)				Investeringskostnad			
		Opp-pussing	middels ombygging	tung ombygging	Nybygg	Uterområde	Opp-pussing	middels ombygging	tung ombygging		Nybygg	Uterområde	
Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal og Onarheim													
Tysnes skule 1-10 inkl. Uggdal og Onarheim	360	-	-	-	1.740	-	-	-	73,1 mill	-	-	-	138,1 mill
Uggdal skule ombyggast til barnehage	96	-	2.130	-	-	-	-	-	-	-	-	-	25,6 mill
Onarheim skule 1-7	0	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Vågsmarka barnehage	42	-	-	-	150	-	-	-	5,3 mill	-	-	-	5,3 mill
stjerneveiso barnehage	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Lunde barnehage	72	-	-	140	-	-	-	2,8 mill	-	-	-	-	2,8 mill
Onarheim barnehage	35	-	-	-	-	-	-	-	41,0 mill	-	-	-	41,0 mill
Sum	605	-	-	-	-	-	-	25,6 mill	119,3 mill	-	-	-	212,7 mill

Tiltaka ved Onarheim skule utgår. Det er ikkje endra på dimensjoneringa av Tysnes skule som ein to-parallell skule med ein hovudstruktur med to klassar pr årssteg.

Uggdal skule vert ombygd til barnehageføremål som alternativ B.